

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/21	Formannskapet	PS	18.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-223	20/4367

Tilskot til lokale verksemder i Austrheim kommune- Organisering og framdrift

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune set i gang arbeid med sakshandsaming av **Tilskot til lokale verksemder i Austrheim kommune**. Midlane skal gå til verksemder som av ulike grunnar har falt utanfor generelle kompensasjonsordningar i samband med pandemien. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Formannskapet sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande personar til dette arbeidet:

Bjarne Ve Sæbø (sekretær for gruppa)

Per Lerøy, ordførar

Kari T. Utkilen, fagleiar kultur.

Søknadsfristen vert sett til 22. april 2021.

Formannskapet - 031/21 - 18.03.2021

FS - behandling:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ikkje tilstades ved handsaminga av denne saka.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Inger Lise Brekke (H) ba om at det vart presisert at ordførar også er næringssjef. Semje om dette.

Handsaming i formannskapet

Samrøystes for rådmannen med presisering om at ordførar også er næringssjef.

FS vedtak:

Austrheim kommune set i gang arbeid med sakshandsaming av **Tilskot til lokale verksemder i Austrheim kommune**. Midlane skal gå til verksemder som av ulike grunnar har falt utanfor generelle kompensasjonsordningar i samband med pandemien. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Formannskapet sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande personar til dette arbeidet:

Bjarne Ve Sæbø (sekretær for gruppa)

Per Lerøy, ordførar og næringssjef

Kari T. Utkilen, fagleiar kultur

Søknadsfristen vert sett til 22. april 2021.

Saksopplysninger:

Stortinget løyver 1,75 milliardar kroner til lokale verksemder i kommunane i Norge. Dette som kompensasjon til lokale verksemder som er ramma av nasjonale eller lokale smittetiltak. Fordelinga til kommunane er no klar. **Austrheim kommune mottok kr. 572.940.**

Sjå pressemeldinga frå Regjeringa datert den 25.02.2021 om ordninga i følgjande link:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/175-milliarder-til-lokale-virksomheter-i-kommunene/id2835904/?expand=factbox2835918>

500 millioner kroner går til kommunar som har arbeidsløyse over landsgjennomsnittet per 16. februar 2021, eller til kommunar som har vært omfatta av dei forsterka smitteverntiltaka. Beløpet vert fordelt etter talet på folk utan arbeid i desse kommunane.

500 millioner kroner vert fordelt til kommunar etter folketal. Alle kommunar får eit minstebeløp på 250 000 kroner. 750 millionar som er att vil bli fordelt til kommunane dersom situasjonen varer utover året. Departementet vil utbetala midlane til kommunane så snart som mogeleg i ein utbetaling. Det står i pressemeldinga at midlane skal fordelast på ein rask og enkel måte. Tilskota er retta mot verksemder som er særleg hardt råka av pandemien.

Det kongelege kommunal- og mordniseringsdepartement (KMD) har den 25.februar sendt ut eit skriv til kommunane som heiter «*Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter*»:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/25112a24a5764908bec35e653933a066/tilskuddsbrev-kommunal-kompensasjonsordning-.pdf>

Her kjem det fram at kommunen sin støtte til verksemder må vera i samsvar med regelverket for offentleg støtte. Det er laga en rettleiing i offentlig støtte. Det er i hovudsak tre måtar kommunene kan tildela støtte på:

1. Bagatellmessig støtte.

2. Offentleg støtte etter gruppeunntaksforordningen

3. Notifisert ordning under Covid-19-rammeverket eller under andre deler av regelverket.

Ubrukte midlar som følgje av at dei ikkje er nytta innan **1. september 2021** skal tilbakebetalast til KMD. Austrheim kommune må følgja kommunelova og forvaltningslova i dette tilskotsarbeidet. KMD vil få på plass eit forenkla søknadsskjema som verksemder kan nytta for å søkja om støtte. Støtte til verksemder skal leggest fortløpande inn i regionalforvaltning.no. Sluttrapportering må sendast til departementet innan 31.12.2021.

Vurdering:

Rådmannen er glad for at Austrheim kommune har fått ei løyving på **kr. 572.940** som skal gå til lokale

verksemdar som er råka særleg hardt av pandemien. Rådmannen vil peika på at at KMD i sitt tilskotsbrev har lagt følgjande rammer for kva slags verksemdar ordninga er tenkt for:

Kommunene skal bruke midlene på tiltak for lokale virksomheter som er rammet av strenge smitteverntiltak. Dette gjelder særleg støtte som kompenserer lokale virksomheters kostnader eller tap som følge av smitteverntiltak og nedstegning, støtte til virksomheter innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringene, og andre virksomheter som av ulike grunner faller utenfor generelle kompensasjonsordningar.

Rådmannen ser at dette tilskotsarbeidet må organiserast på ein god måte og effektiv måte. Han rår difor til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som består at tre personar som skal vurderer søknadar som kjem inn, denne gruppa skal og koma med ei tilråding til formannskapet for tildeling av tilskot. Sekretær i arbeidsgruppa bør vera prosjektleiar/controller Bjarne Ve Sæbø. Rådmannen synes det er naturleg at ordførar Per Lerøy er med i arbeidsgruppa saman med Kari T. Utkilen som er fagleiar kultur.

Rådmannen meiner at annonsering av tilskotsordninga må gjerast målretta slik at verksemdar som er særleg råka vert gjort oppmerksom på denne tilskotsordninga. I tillegg må det annonserast på heimeside og i lokalavis. Verksemdar som kan vera særleg råka i kommunen utan å ha fått kompensasjon, dei bør informerast direkte om denne ordninga. Dette på tlf, sms eller brev.

Rådmannen meiner at den beste og enkleste måten å tildela støtte på, er å gi tilskot i form av **bagatellmessig støtte**. I den grad verksemda ikkje kan motta bagatellmessig støtte, så kan kommunen bruka gruppeunntaksforordninga eller eventuelt Covid-19-rammeverket. Det viktigaste kravet er at støttegievar innhentar informasjon om kva anna offentleg støtte føretaket har mottatt i perioden 2019, 2020 og 2021, og korleis denne støtta er heimla i lov.

Rådmannen rår til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande personar:

Bjarne Ve Sæbø (sekretær for gruppa)

Per Lerøy, ordførar

Kari T. Utkilen, fagleiar kultur

Rådmannen rår til at søknadsfristen seinast vert 22 april 2021. Dette for at tildelingssaka kan koma opp i kommunestyret den 20. mai 2021.

Konklusjon:

Formannskapet set ned ei arbeidsgruppe for dette tilskotsarbeidet der følgjande personar deltek:

Bjarne Ve Sæbø (sekretær for gruppa)

Per Lerøy, ordførar

Kari T. Utkilen, fagleiar kultur

Rådmannen rår til at søknadsfristen vert sett til 22. april 2021.